

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.04.2015

Vår ref.: 201206555-7 , 201102969-8, 201107642-8,
201200673-9, 201208072-10

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tord Solvang, 22 95 92 48

Ingri Guren, 22 95 91 59

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje fem kraftverk i Vang og Nord-Aurdal kommunar i Oppland – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkarar om løyve til å byggje fem småkraftverk i Vang og Nord-Aurdal kommunar. Søknadene skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Vang kommune

Gipa kraftverk

Kraftverket vil nytte eit fall på 270 høgdemeter i Gipa, frå inntaket på 980 moh til kraftstasjonen på 710 moh. Vassvegen vil bli 1520 m lang og nedspregnd i grøft. Det skal byggjast midlertidig anleggsveg til inntaket og permanent veg til kraftstasjonen på om lag 200 m. Middelvassføringa er 410 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1240 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,7 MW, og vil etter planane produsere 5,7 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 50 l/s i sommarsesongen (1/5-30/9) og 10 l/s resten av året. Det er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane.

Rysna kraftverk

Kraftverket vil nytte fallet mellom kote 625 og 479 i Rysna. Inntaket vil bli plassert om lag 50 m nedafor brua som krysser Rysna med Fylkesvei 302. Vassvegen vil bli 1170 m lang og er tenkt grave ned i rør på vestsida av elva. Bygging av anlegget vil i stor grad nytte eksisterande vegar i området. Middelvassføringa i elva er 1,32 m³/s. Kraftverket er planlagt med ei installert effekt på 3,48 MW og ei maksimal slukeevne på 2,9 m³/s. Dette vil gje ein årleg produksjon på 9,2 GWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 250 l/s i sommarsesongen (1/5-30/9) og 20 l/s resten av året.

Føssaberge kraftverk

Føssaberge kraftverk er planlagt med inntak på kote 452 i Storeåni. Vassvegen vil bestå av en 80 m lang inntakskanal, 800 m tunnel og deretter 100 m røyr til kraftstasjonen som vil ligge på kote 429. Det vil bli

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

behov for 350 m ny veg i forbindelse med bygging av anlegget. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 3,6 MW og ei maksimal slukeevne på 18 m³/s. Middelvassføringa er 15,3 m³/s. Med planlagt minstevassføring på 1,7 m³/s heile året, vil årleg produksjon bli 18,7 GWh.

Ala kraftverk

Kraftverket vil nytte eit fall på 370 m i Ala. Inntaket vil plasserast ved Hugastølen på kote 830. Kraftstasjonen er planlagt på kote 460, om lag 250 m nedanfor samløpet mellom Ala og Begna. Vassvegen vil bli ført frem gjennom totalt 760 m tunnel og 790 m røyrgate. Røyrkata vil krysse elva på kote 495. Middelvassføringa i Ala er 0,96 m³/s. Kraftverket er planlagt med ei installert effekt på 5,98 MW og ei maksimal slukeevne på 1,92 m³/s, som vil gje ein årleg produksjon på 15,1 GWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 67 l/s heile året. Det svarer til alminneleg lågvassføring.

Nord-Aurdal kommune

Sundheimselvi kraftverk

Kraftverket vil etter Alternativ I nytte eit fall på 371 høgdemeter i Sundheimselvi, frå inntak på 740 moh til kraftstasjon på 369 moh. Alternativ II planleggast med inntak på 564 moh og kraftstasjon på 369 moh. Vassvegen vil bli høvesvis 4300 m (alt I) og 2070 m (alt II) og uavhengig av alternativ bli nedgrave/sprengd i grøft. Det skal byggjast om lag 50 m permanent veg til kraftstasjonen. Det vil ikkje verte behov for midlertidig anleggsveg langs røyrkata. Middelvassføringa er høvesvis 1830 l/s (alt I) og 1940 l/s (alt II). Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,1 MW (alt I) eller 6,0 MW (alt II), og vil etter planane produsere høvesvis 24,1 GWh eller 14,5 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 232 l/s (alt I) eventuelt 250 l/s (alt II) i sommarsesongen (1/5-30/9) og 167 l/s (alt I) eventuelt 180 l/s (alt II) resten av året. Det er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av [tiltakets namn] med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Vang kommune om å leggje to eksemplar av søknadane for Gipa, Rysna, Ala og Føssaberge kraftverk ut til offentleg ettersyn i resepsjonen på Vang kommunehus fram til **21.8.2015**. Vi ber Nord-Aurdal kommune om å leggje to eksemplar av søknaden for Sundheimselvi kraftverk ut til offentleg ettersyn på Servicetorget i same periode. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **21.8.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.



Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Solveig Silset Berg
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

DNT Valdres

Eidsiva Nett AS

Forum for Natur og Friluftsliv Oppland

Fram Reinlag DA

Fylkesmannen i Oppland

Naturvernforbundet i Oppland

Naturvernforbundet i Valdres

NJFF – Oppland

Nord-Aurdal kommune

Norges Miljøvernforbund

Oppland fylkeskommune

Statens vegvesen Region øst

Ulnes vannverk v/Espen Trygve Evensen

Valdres Energiverk AS

Valdres friluftsråd

Vang Energiverk KF

Vang kommune

WWF Norge AS